

## Drinktips veke 9

Bidrag fra Stian Johnsen  
Friday 27. February 2009  
Sist oppdatert Friday 27. February 2009

Vekas drinktips frå bartender Stian Johnsen, også presentert på «Absolutt Helg» fredag 27. februar.

Tykkjer du drinkane i våre drinktips er for vanskelege å lage, eller krev for mange ingrediensar? Her kjem tips om drinkar som alle enkelt kan lage, utan for mange innkjøp.

### CAPTAIN MORGAN/COLA:

4 cl Captain Morgan original spiced gold

Coca cola

1 limebåt

Is

Den første drinken er ein fin klassiker, og ein favoritt blant både unge og eldre. Her fyller du eit longdrinkglas fullt med is, heller i 4 cl Captain Morgan, skviser ein limebåt i glaset, og toppar med cola.

### GIN/RUSSCHIAN:

4 cl Tanqueray special dry gin

Schweppes Russchian

1 limebåt

Is

Her kan ein velge gin etter kva prisklasse ein likar. Om du ynskjer ein endå betre versjon av Tanqueray kan eg anbefale Tanqueray Ten, som kostar 550 kroner på Vinmonopolet. Du fyller eit longdrinkglas fullt med is, heller i 4 cl gin, før du skvisar ein limebåt langs kanten av glaset. Topp med Russchian og rør med rørepinne.

### VODKA/BATTERY:

4 cl Grey Goose vodka

Battery

1 sitronskive

Is

Fleire seier at dei blir fyllesjuka berre dei kjenner lukta av denne, men faktumet er at det er og blir ein schläger, og det er ein frisk og lettdrikkeleg drink. Start med eit longdrinkglas fullt med is, tøm i 4 cl vodka, slepp i ei skive sitron og topp med Battery Energy Drink.

STIANS SPESIAL:

2 cl Grey Goose vodka

2 cl Original Peachtree

7 up

Monin rad Grenadine

1 limebåt

Is

Her er ein enkel drink som slår an hos barkundar som ikkje heilt veit kva dei vil ha, men likar søte og friske drinkar. Som vanleg, startar du med eit longdrinkglas fullt med is. Deretter tømmer du i 2 cl vodka og 2 cl Peachtree, før du toppar med 7 up, og tømmer på raud Grenadine for å setje litt farge på drinken. Pynt med ein limebåt.

{comment}